

# Endra framdrift for prehospital plan

Med bakgrunn i innspel som har komme i prosjektet, har underteikna avgjort å bruke noko meir tid på arbeidet med ein ny plan for det prehospitale området i Helse Førde.

Slik det ser ut no vil utkastet til plan bli sendt på høyring etter at det er presentert for ordførarane i dialogmøte med politisk leiing i kommunar og fylkeskommune 26. september. Deretter vil det bli ein høyringsperiode på åtte veker. Tanken er å slutthandsame planen i styremøte i Helse Førde 16. desember.

Helse Førde er klar over at dette er ein plan som er viktig for kommunane og innbyggjarane. Vi håpar tidsplanen føretaket no legg opp til, vil gje rom for ryddige prosessar i kommunane, samt at føretaket får nødvendig tid til å vurdere innspela som kjem.

Den tentative framdriftsplanen ser etter dette slik ut:

Prosjektrapport ferdig	16.09.2019		Prosjektleder leverer endeleg rapport til AD
Orienterer tillitsvalde, vo m.m.	16.09.-25.09		AD orienterer leiarar, tillitsvalde, vernetenesta og eigen organisasjon
Styremøte Helse Førde	26.09.2019		AD orienterer styret om prosjektgruppa si tilråding
Dialogmøte med ordførarane	26.09.2019		Helse Førde orienterer ordførarane om Prehospital plan
Høyring prehospital plan	26.09.-21.11		Prehospital plan vert sendt på høyring i 8 veker
AD sakshandsamar innspel	26.09. - 05.12		AD handsamar innspel til prehospital plan
AD legg fram si tilråding	06.12.2019.		AD si tilråding overfor styret i Helse Førde vert gjort kjent
Styremøte Helse Førde	16.12.2019.		Styret i Helse Førde gjer endeleg vedtak i sak om Prehospital plan

Helse Førde opplever at arbeidet i prosjektet har gått svært godt, og at kommunikasjonen med kommunane i regionrådsmøta og andre møtepunkt gjennom vinteren og våren har vore konstruktiv og gjensidig lærerik.

I tillegg til høyringsrunden og dialogmøte med ordførarane, er Helse Førde innstilt på å møte kommunane i regionråda til hausten for å orientere om høyringsutkastet og få tilbakemeldingar. Vi ser også føre oss å møte enkeltkommunar som ønskjer det.

Kontaktpersonar i Helse Førde:

Direktør kirurgisk klinikk/prosjektleder Tom Guldhav - 415 15 626

Administrerende direktør Arve Varden - 992 19 352

Direktør psykisk helsevern Børge Tvedt - 907 70 516

Med beste helsing

Arve Varden

administrerende direktør